

Dobbelt jubileum *på Bergslagen*



Anne Karin Fonneland



Rune Belsvik

Litteraturseminar

Laurdag 6. februar 2016 kl 11:00

Jubileumsforestilling

Opplesingskveld og konsert
Laurdag 6. februar 2016 kl 19:00

Seminar

(kl. 11.00-15.00)

- 11.00 Hadle Oftedal Andersen, "Samvær som poetisk væremåte. Om Anne Karin Fonneland's forfatterskap."
- 11.45 Eirik Lodén, "Lyrikaren som romanforfattar: Nokre tankar kring Fonneland's *Apalgard*".
- 12.30 Lønsj
- 13.00 Dag Larsen om Rune Belsvik; "... vi må hugse på at det vesle også kan vera ein fest."
- 13.45 Kaffe
- 13.55 Thomas Hammerø Lund, "Om å vera gutar og bli menn - nedslag i Rune Belsvik sitt forfatterskap."
- 14.45 Atle Hansen syng tekstar av Rune Belsvik

Seminarleiar: Hanne Bramness

Jubileumsforestilling

Opplesingskveld og konsert
(kl. 19.00)

Veronica Erstad les
Rune Belsvik les
Atle Hansen spelar
Eirik Lodén les
Anne Karin Fonneland les med Johannes Vaage
Dag Larsen les
Johannes Vaage trio spelar

Programleiar: Per Olav Kaldestad



Foto: Sol Nodeland

Rune Belsvik

Rune Belsvik (f. 1956) debuterte i 1979 med ungdomsboka *ingen drittunge lenger*. Blei same året utdanna til hjelpepleiar i psykiatrisk sjukepleie. Han har gitt ut over 40 titlar, mest for born, men også bøker for unge og vaksne. Har skrivne tre libretti for opera og ein del skodespel som er sette opp på forskjellige norske scenar. Dei siste 17 åra har han arbeidd i 50% stilling som nattevakt i bustad for psykisk utviklingshemma i Kristiansand ved sida av skrivearbeidet.

Rune Belsvik er ein av dei mest sentrale barne- og ungdomsbokforfattarane våre. Med debutboka plasserte han seg straks i fremste rekkje blant dei som skreiv for unge. Etter kvart har han utvikla ein mangfaldig og sterk forfattarskap også for born og vaksne. I barnelitteraturen er det framfor alt bøkene om *Dustefjerten* og *vennene hans* som har gitt han status som ein moderne klassikar. Fleire av bøkene hans handlar om seksualitet og gir oss nærgåande skildringar av gutar sine kjensler i møte med jenter. Slik utvidar han grensene for det sømelege i barne- og ungdomslitteraturen. Særleg fint er dette framstilt i nokre av dei seinare bøkene, som *Tjuven* (2008) og *Verdas søtaste turist* (2014).

Den nyaste boka hans er *Kjendisen* (2015), ei lettlesne bok for born.



Foto: Ivar Vaage

Anne Karin Fonneland

Anne Karin Fonneland (f. 1956) er oppvaksen i Kvinnherad og busett på Sunde i Sunnhordland. Ho er utdanna cand.mag. i samfunns-
vitskapelege fag og litteratur frå Universitetet i Bergen. Fonneland underviser i norsk og samfunnsfag ved Kvinnherad vidaregåande skule. Ho debuterte i 1996 med diktsamlinga *Marmormjolk*. Samlinga inneheld 63 dikt og handlar om menneskesinnet som kolliderer med krefter som er utanforliggjande. Ho har sidan gitt ut fem diktsamlingar m.a. den kritikkroste *Kvit som vind* (2005) om alderdom og språket ved livets grense. I diktsamlingane vil Fonneland seie alt som det er, utan samtidig å seie for mykje. Fonneland har for det meste skrive lyrikk for vaksne, men ho har også delteke i ei rekkje antologiar med prosa og dikt for barn og ungdom. I tillegg har ho skrive sakprosa om litteratur. I 2014 kom romanen *Apalgard*. I tekstane hennar handlar det ofte om dei grunnleggjande kårane i menneskelivet, der det vert gjeve ord til det ordlause.



Foto: Thor Egil Espeland

Eirik Lodén

Eirik Lodén (f. 1975) er forfattar, omsetjar, kritiskar, forlagskonsulent og doktorgradskandidat ved Universitetet i Bergen på ei avhandling om opera og litteratur. Han debuterte i 1993 med *Preludium. Dikt og gjendiktninger*, og i 1996 kom *Svaner til Stratford. Nye dikt og gjendiktninger*. Han har elles publisert tekstar i ulike sjangrar – dikt, noveller, essay – i ei rekkje tidsskrift og antologiar, har gjendikta tre diktsamlingar av den amerikanske poeten Ren Powell og omsett romanar av Sigrid Combüchen og Ben Marcus til norsk, og er dessutan forfattar av ei lokalhistorisk bok og librettoen til det musikkdramatiske verket *Metamorfose: H.C. Andersens inntog i himmelen* (eit samarbeid med biletkunstnaren Kjell Pahr-Iversen, komponisten Ståle Kleiberg og Kammerkoret Cantemus). Han har også i mange år hatt fleire konsertar og turnear i samarbeid med muskarane Hans Widerøe og Yngvild Storækre Hennig, og er medarrangør av Litteraturuka på Sting i Stavanger.



Foto: Anne Andersen

Veronica Erstad

Veronika Erstad (f. 1979) kjem frå Rosendal. Ho har gått forfattarstudiet i Bø og i Tromsø og er no student ved NBI si forfattarutdanning. Erstad debuterte i 2015 med diktsamlinga *Eg er så nær morgonen eg kan kome*. Same år kom barneboka *Kattejenta*, illustrert av Bo Gaustad.



Foto: Øystein Grutle Haara

Johannes Vaage Trio

Johannes Vaage Trio spelar eige materiale og norsk tradisjonsmusikk i skjønn foreining. Enkle og effektive arrangement gir luft til musikken og bidrar til at det heile får ein meditativ kvalitet.

Gruppa består av improvisasjonsmusikarar med varierte bakgrunnar, sameinte om eit ønskje om å formidla sterke melodiar. Dei har utdanning frå konservatoriet i Bergen og Kristiansand og har spelt med musikarar som Petter Wettre, Kjetil Møster, Håvard Wiik og Tord Gustavsen.



Foto: Henrik Mundal Andreassen

Atle Hansen

Atle Hansen (f. 1954) er visesongar, forfattar og journalist busett på Stord. Han har gitt ut 17 bøker, dei fleste for born og ungdom sidan debuten i 1997. Frå tidleg 70-tal har Atle Hansen vore visesongar og gitt ut fleire plater med egne songar. Han har heile tida veksla mellom å skriva egne tekstar og å tonesetja andre sine og har samarbeidd med m.a. Per Jan Ingebrigtsen, Ragnar Hovland, Per Olav Kaldestad og Adrian Henri. Ein av dei han har samarbeidd mest med både på scene og som tonesetjar er Rune Belsvik. Dei møttest i vise- og lyrikklubben Fokus på Stord og Belsvik brukte Hansen som tonesetjar då han skreiv teaterstykkka *Gummelum*, *Så susar vi rundt på ei stjerne* og *Erling Andersen og halve kongeriket*.



Foto: Privat

Thomas Hammerø Lund

Thomas Hammerø Lund (f. 1977) er cand. mag. i russisk språk og litteratur, utdanna førskolelærer og avslutta våren 2015 ein mastergrad i barne- og ungdomslitteratur ved Høgskolen i Bergen. Masteroppgåva handla om Tormod Haugens roman *Slottet det Hvite* frå 1980. Han er busett i Stavanger og jobbar som verksemdsleiar i barnehage i Sola kommune.



Foto: Privat

Dag Larsen

Dag Larsen (f. 1952) debuterte i 1977 med diktsamlinga *Fra en hvitmalt by* og gav ut diktsamlingane *Atlas* (1981) og *Svevninger* (1983) før den første barneboka hans *Tjukkemann og Skagerrak* (1984). Sidan har han skrivi ei rekkje barnebøker, romanar, diktsamlingar, scenetekstar og skodespel, sist *Sangen om Ellida* for Teater Ibsen og Grenland Friteater (2014). For *Gutten som ville eie snøen* (1986) fekk han Kulturdepartementets bildebokpris saman med bildekunstnaren Arne Samuelsen. Dag Larsen har karakterisert seg som "en gårdsgutt i litteraturens vingård" og har hatt ei rekkje tillitsverv, bl.a. leiar av *Son Poesidager* (1994 – 2000) og *Norske Barne- og Ungdomsbokforfattere* (1998 – 2004). Sidan 2006 har han leia forfattarutdanninga ved Norsk barnebokinstitutt (NBI).



Foto: Ari Aalto

Hadle Oftedal Andersen

Hadle Oftedal Andersen (f. 1969) er universitetslektor i norsk ved Helsingfors Universitet. Han har markert seg sterkt som litteraturkritiker, bl.a. i *Dag og Tid* og *Klassekampen*. Ved sida av aviskritikken har han publisert ei rad større artiklar om litterære emne i nordiske tidsskrift, redigert antologien *Poesiens pil*. *Lyrikk 1959-* (1998) og gitt ut *Spegelsalen*. *Artiklar om norsk litteratur* (2001). I *Poetens andlet* (2002) gir han oss eit spennande perspektiv på Olav H. Huges diktning.

Arrangementa blir støtta av:
Kulturrådet, Norsk Forfattersentrums
Medlemsfond, Hordaland folkeakademi,
Hydro Husnes og Kvinnherad kommune

